

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hemsedal

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Sørbygda

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899)

Gard: Rundtop

(adresse): Hamnerstadg. 12 B^{II}, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Av slattemark har dei skilt - og skilt dei
enne - mellom tre slag (etter gjøveliken):

- a) Heimegjordet der sjølv garden ligg (jøte n.)
- b) Seter-vollane (støls-vollane). (voll m.)
- c) Utslatten (slatter, myror og annan skrapslatt).

Gjørdet hadde alle (tre gamalt) eit - eller flere-
bræde (bræe n.): inngjerdet stykke som vert nytta
for seg sjølv (i min oppvekst til å slippe kalvane
i om våren: kølv-bræe). Vidare kala ein om
kjøtve f.: gamal, atlagd åker (med fur, slett
mark). På alle gardar var det frå gamalt
mange slike (tyder på at åker bruket ~~var en~~
hadde vere endå større får). Eikre f. har
visstnok hatt same tyding, men dette ordet
er mest gått av bruk. (På ein grunnegarden
hadde dei ein åker dei kalla: Eikra. Frå
om eikre var eit jordsykke som dei skifte-
vis nytta som åker og eng? - Ei grunn
med flere gardar heiter Eikre). Etter
skap og bruk kunne dei ymse stykke av
gjordet heite: Jøte (gjøta), lykthje, slette, siug,
(atlagd) nybrøt o.s.v. - Ordet eng er kjent,
men vert helst nytta om sjølv grasvokslom.

2
tein talar ikkje om der og der på evga, men der
og der på gjordet. Ordet er lite nytta, anna enn
i sms.: fjukk-evg. Eller: „Der har du fein evg“
(d. v. s. slått). Føret frå beste lutem av gjordet
der det alltid vart gjødsla, kalla dei hevda-
før (: motsetning til: vøllfør, skrapfør, størr).

Av setras med vøll hadde kvar gard
som regel: heimstøl, langstøl og gjerne og
slåttestøl. Heimstølen låg som regel i nær-
leiken av heimegarden, og der hadde dei
krøtera vår og haust. Som oftast hadde heim-
stølen både lue og fjøs, og vøllen var skun-
den inngjerd, skunden ikkje. Langstølen
låg oppe på fjellvidda og hadde som oftast
inngjerd vøll. Mange seterlag (men ikkje alle)
hadde „slåtten“ (av: slåtte f.), som var inn-
gjerd under eit og som dei ikkje beitte
før sist på sommaren då dei andre beita
vart skrole. I desse slåttene hadde kvar
mann (herkar) sin slåttvøll med hus
på (lue og fjøs), og der budde kona og barna
med bustopen til dei flutke heim i
bygda att om hausten. Slåttvøllane var
før i tida ikkje inngjerde, og vart beitte
sterk. I nyare tid kom det i bruk å
gjerd dei inn og helst ikkje beite dei. Der-
med gav dei mykje mer høg. Slåtte-
stølane - som alltid låg nær den andre
langstølen - har dei mykje slakta å sitja
på med bustopen no. Dei sit på den
andre (ofte „ovre“) stølen, og jagar så krø-
tera med i slåttene på ellersom meren.

Utslåtten kunne vera av fleire slag.
Det kunne vera raskeslåt (skrapslåt) nær
ved heimegjordet (det kunne gjølosagt og firmast

skrapslått på gjalve gjordet). Eller det var
skogglenner og annan raskslått nær
ved stolsvollane. Eller det var gjalu-
skendige slåtter andre stader, då gjerne
med løe på (var det ikkje løe, laut først
setjast i stakk). Du heitte anten slåtte f.
eller slåtté n., helst det fyrste (sistnemnde
vert det „skarvnaste“). Rundt omkring i
lier og åsar låg det i min oppvekst
mange slike større og mindre slåtter, med
du låge, gamaldagse løene på. No er
dei aller fleste nedlagde etter at bon-
dene tok til å leggje ~~myr~~ myr av.
Lund å bryte opp jorda (heime og på
stolane). Ringaste slåtten (og føret) var
myreslåtten. Myrar fantst det mange av,
og i gamal tid slo dei myrke større (stov).
Ofkast hadde du løe („myre-tinn“) på same
gjerd som du andre slåtteløene, skundom
la du stovren i stakk. (Ein stol heiter
„Stakke stov“). No er myreslåtten for det mest
gått av bruk. Men somme myrar er
oppdyrka og gjev - som det syner seg -
afte god avling.

2) Å „roa“ (rydja) høyrde med til vārarbui-
det. Gjerdet heime ruddi du i samband med
gjødelsprøinga. Etter at møka var slått (smut-
dra) og spridd, vart eng (chile gjordet) raka
med rive. Småstein, rusk og los, kvist
og anna som meinka slåtten, måtte bort.
Det vart raka ein på åkerreinene eller
saman i dungar („dyngje“ f.) og bore
bort på røysane. - På same vis vart
stolsvollane ruddi om våren, og like

4

eins utslåttene så langt ein rakk. Låg i slåtte i skogen, var det gjerne mykje røslaur som måtte bort, serleg i skogkanten. Eller vart det for føvent å slå (det gamle lauv-rasket las seg i vegen for ljåen og blanda seg med føret). - Både heime og lite grunn på skotane og dreiv dei og braut mark - men det er eit kapittel for seg. Ville dei ikkje bryte skipshely, ~~kanne det vera at~~ kunne det vera at dei reidde bort hjørn og hjerter, steinar som ikkje var for jordfaste o. s. b. Men dette var eit arbeid for seg og høyrde ikkje til "røinga" om våren. At dei av til brende opp skvist og brende det og mykta oska til gjødning, det er så. Men det var ikkje mykje brukt.

3) Mosevaksen eng vart det som oftast ikkje gjort noko større med, dersom dei ikkje tok seg fype å flåhakke marken eller bryte ho heilt opp (og då i samanheng med viking dersom det var rå-landt). Etter flåhakking vart det gjødsla og salt (bygg eller haure, seinare grasfrø).

4) Myr og vass-gjul eng vart arveita og flåhakka eller brakte heilt opp. Lettast måkn var å flåhakke lite grunn, reive opp hjørnar og spreie veite=jorda ut- over, og så så til lite grunn. Etter kvart vart det lagt meir og meir arbeid på opparbeiding av myrar, jamvel til fjells (på sebraue). - Å vatna på lemskj vis har ikkje vore i bruk, med dei det gjeldan var hvarande med myr veite ein regnet gav.


5) Hevda (gjødsla) vart mytla til evga og til åkeren, vel det meste til evga (det kom an på mytje åker garden hadde). Som regel rakk ikkje vintergjødsla til heite eigedomen. Dei laut skifte på slik at eit stykke av evga og åkeren, vart hevda det ein året, eit anna stykke det andre året o.s.v. På åkeren var det vanleg å gjødsla det stykket som skulle vera til „eple“ (jord-eple). Møka gjekk til evga og åkeren, sauetallen til marken (vart rekna for sterk gjødsl), hestemøka til hagebruk (mysesenger) eller til åkeren. Noko fast mål for kor mytje dei skulle ha på milst, var det ikkje. Her gjorde vel kvar og ein etter beste skjøn. Som regel hadde dei for lite gjødsl eller storliken på eigedomen, så det aldri vart tale om å øydsle med gjødsl. (Eit stort lag var det at dei i gamal tid ikkje hadde gjødslkom til å la vere på landet). - Setervallane vart gjødsla med sommargjødsla. Utslatter vert aldri gjødsla. Myrar vart gjødsla der som dei låg lagleg til (for å få dei „i hevd“). Gjødsla hjalp til så det „grasbatt“ seg snøggare.

6) „Trau-ung“ o. l. er uljøent for myg kumanfrå. Men dei taler om „hevda-får“: kag frå gjordet der det vart gjødsla bra.

7) Har ikkje høyrst om at dei sette husa med tanke på sun-siget. - Fri gammalt


6
av løy åkrane helst i bakkar og på hangar -
aldri i daldene eller flat-landet. Men eg tror
ikkje det var av omsyn til seigt frå åkrane,
men fordi dei rekne med at bakkane
høvar best til åker.

8) Det meste av gjødsle vart høyt ut på
vinterfjort (mot vårparten) og lagt i hangar
med eit lass i kvar. Den rå-møka som
vart att i kjellaren (til krøtern sleppest
ut), vart høyt på åkeren (og spridd
med greip får dei pløge). Same tullen
vart graven tidleg på våren med eit
belet dei kunne ha sauen ut. Gra-
venga (hakkinga) var eit seigt arbeid, for
tullen skulle vera så småhakka at han
kunne spridast på enga. - Så snart
groen syntte seg, slo og spridd dei
møka (som skulle gjødsle enga). Ein
brukte ei møkja-klubbe til å slå med
og ei reku til å sprida med. Å
"brøye møk" måtte helst gjerast i regn-
ver (så ikkje møkja vart liggjande og
fukte bort). Når møkja var breidd,
redde dei marka (enga) med rive-
(Stik var arbeidet og ridskopen i mi
oppvekstid).



Møkja-klubbe.

(Det tok best når ein nytta flatsida
på klubbe-hovudet).



Reku.

(Tre-reku vart nytta
både til å måke
sni med og breida
møk m. m. Spede
var og kornen i bruk
men reku var eit
og hendig til mangt).

9) Heimegjordet vart beitt om hausten, men ikkje om våren (anna enn han kunde rett tidleg av sauen). For i tiden beitte dei vissnok og tidleg på våren, men det skodde avlinga og var berre ei naudtråd. Dei rekna heller ikkje haustbeitinga for bra, men ikkje same nær så ille som vårbeiting. Kalvane fekk beite i kalvskredet om våren (i min oppvekt, no er det vissl meir slutt med det). - Stalsvollane, og serlig dei slattevollane, vart beitte etter slakten. Fuga beiting vart gjord med serlig tanke på gjødslinga, men fordi brotne ~~høy~~ om det. Utstøtler vart beitte etter slakten, og gjerne og om våren, dersom dei lag i hanningane. Det tok det ikkje så nøgje med dei. Mange gonger lag det og sau i utstøtlen sommaren over, for dei hadde ikkje kjøp til å gjøse alle stader. Og dei vart det gjerne skrott med slakten.

10) Leng beite har gått meir og meir av bruk, med dei det er litt å sjå at det skoder avlinga. Men enno blir det beitt ein del, dersom beitene (harungangane) er for skrale og det er så tidleg på haustvat dei lovir seg for å fore dyra inne. Noko kvart tidshifte kan ein ikkje peike på her.

11) Det som lag att av gjødsel på heimegjordet, vart slige sund og spreidd når dei (alles) rudda om våren. På Stalsvollane slo ein sund „møkja-reputu“ for ein reiste heim om hausten og spreidd

dei utover. På stólane laga ein seg gjerne ein stik, "spjatt" som er kjend frå Sidesdal (vart kalla "mjøla-krok" eller "mjøla-klubbe"). Han vart ikkje nytte fordi han var bedre eller laugigare enn ei vanleg klubbe, men fordi han var ^{lettvind og} vurd i gjera ^{stopp} (på stólan hadde dei sjeldan ambod til å laga klubbe med: sag, navar, rivehjul til sheft o. s. b.), det var berre å krogge til ein kurb som var krosket i enden.


"Mjøla-krok" (Har sjeld laga og brukt slike).

12) Både på heimstólane og langstólane hadde kvar bonde fjøs til krøtera. (Somtid gise og vurd laga, men då ut fjøs). Som regel var det ikkje stikkule kjellar til desse fjøsa (det var det derimot heime på garden). Møka vart kasta ut gjennom ein glugg. - Fjosa var i eldre tid bygde i lengd med selet, berre med ein gang imellom (utgang for krøtera i hin enden). Det var praktisk men ikkje hygienisk. (No blir fjosa bygde eit stykke unna vinningskurst).

13) Frå fjøst (på stólane) gj'etok det ei noko vid kve (Kvén f.) til utgarden (minnigjerde slattervollar hadde ikkje kve). Denne kvea vart flutt ein gang kvart år (for kvar sommar), sålvs ut dei tok opp den eine stenginga og flutte på hi sida av den andre. Dei hadde ein tre-fire "kveengangar" å skifte imellom, og på denne måten gj'etok

du ein lut av vollen. Straks kröttera gjækk
 et (om morgun og etter „kvitungen“ dersom
 du hadde kröttera inne minst på dagen),
 gjorde du gjerne frå seg, så det vart ikkje
 så lite gjødsel på den måten.


← Til bitene.



I eldre tid før du fekk fjøs på Stålane, eller på Stolar som låg slik til at det var vanskeleg å få materialer fram til fjøs, mytta du truleg kveer til å ha kröttera i om natta. (Eit eng. stykke ved heimegjordet vart heitte „kvéni“. Ho må ha vore mytta som krötterkve om våren i Staden for heimstolen lenger oppe i åsen).

14). Til sauer og geiter hadde du stundom eit saue- eller geitehus (fjøs på lag). Men det mest vanleg var å ha sauen i „høye“ (høye f.) du kalla. Det var 4 grindar på ein 3 m. lengd eller så kvar, sette saman i ein firkant, med bork og „sperring“ i kvar „snyte“ (kyrva). Der hadde me sauen om nettene (og gjerne om middagen og). Høya vart sett øvst i kvea (der det vart minst gjødsle av kvea) og fekk til ny stad annankvar dag eller

så. På slutten av sommeren sette me høya u-
 tanom kvea, ute på vollen (altså at dei hadde
 slege). Høya var lett å flytja når ein var too
 om det. (Ordet "kve" ~~idann~~ var aldri nytts
 i denne bydelinga. Kvea var fast sommeren ut.)
 Høya har no kome ut or bruk, dei let same
 gå ute heile sommeren, med dei dei tyf-
 hjer det er for mykje try med å ha dei
 inn kvar dag. Men i min barndom
 var det vanlig (og det var og mykje
 for gjæstinga skuld). Høya vart opna
 i sine byer når same skulle ut. Var
 det vel fri seg gjort, hadde ein grinde
 "skæle-le" (skye-leel). - [Legg ved
 eit bilete som eg tok heime av høya
 vår. Det er teke Sommeren 1921 på sløtsla-
 get Nøret i Flensedal. Høya står inne
 på utervollen. Same er vore inne
 i "kvil-
 gen" og
 vert no
 slepte
 ut att.]



15-17. Skremsel med kvear eller grinder
 er ukjent for meg. - Men ~~bestemt~~ bestemmar
 mi (f. 1846) fortalde at ein sommar var
 bjørnen så nærskjjen på selvlaget diera
 (Helsa i Nordbyggda). Ko var enda liten
 smågjente, og mar heimar gjebbe den som-
 maren med barn. Det vit he det lit
 det (altså gammel bre) at bjørnen vil rine

steike sund og ta ungen. Ein dag kom björnen
og skremde lueskapen. Men den natte og
flure nettar utover den sommaren gjorde
dei opp varme ute på Stolsbrakken for
å halde udypet borte og verne lueskapen.
- Dei hadde heller ikkje fjøs på den stulen
den tid. Krøtera låg ute på vollen
(som ikkje var inngjeret), og når kyrne
skulle mjølkast batt dei ei for ei inne
i skjulet. - Gard bring vollen var sjølvsagt som eit vern.

18). Samefjøs på hjul har eg aldri høyrst gjete.
Ei flyttbar høye var langt lettare å skaffe
seg. Men på slottvollen vår sto det eit
gamalt gritehus (gritefjøs), som me nytta
til grisehus forresten. I ein par av stokkane
på dette gritehuset synta det endå merke
etter björne tenner. Dei fortalde at ein som-
mardag (kona på stulen hadde vore heime
i bygda eit arend den dagen) hadde björnen
fare forbi, og då hadde han bite i stokkane.
Han kjende lukta av olje, men fann berre
kaut, og derfor vart han arg, brudde dei.

19) Stöl m. (ikkje kjult l) har hja oss ty-
dinga seter. Ordet seter er ikkje nytta. (Sms.:
stolsku, -voll, -ved, -lag, -mat o. s. l.). Verb:
støle (ha stöl der eller der). - Stö f. staden der
noko plar stå: Tisja-stö, stakke-stö, bätstö.
Stö m. elvebard („utpå stöé“). I Gardsnamnet
Büste (ut. Bässtö) er det truleg eit gammalt
-stö i tydinga: mjølkeplass (stöl). - Galém
er ein inngjeret krok (binge) i fjøset til å

12
ha småkalvane i (kølve-gatē) eller lita kve
utanfor grisehuset, der grisen kan gå og rote
om dagen. (Funt - gardstunet - ert og kolla
gat : "uti gatē").

20) Som ovanfor nemnt var stolsvollen på
Langstolen oftast inngjerd (men det var trudy somme
steder det var så lite grasmark på stolen at det
ihlgi var bryt verdt å gjerde inn nokon vall).
Stollsvollane var opne for, men det er mest
slutt no. Det har gått muir og muir i den liict
det beste (as vall og myr) vert inngjerdt og
oppdyrka (og gjev dei god avling jamvel
høgt til fjells : på oss ligg dei fleste stolar
800 - 1000 m. o. h.) - og skrapstatten vert
lægt ut til hamn. Mange steder her og
skrapmarka (med utslattene) vokse til
med skog (skoggrensa steg).

21) Anna gjødsel enn husdyrgjødsel var
lite i bruk frå gammalt (kan hende litt oske
dersom dei brende opp nose og rask).
I nyare tid brukar dei kunsstgjødsel, også
på stolane.

x
Oppbryting og nydyking av jord og åkerbruk
vert det kauslgi lægt serer sjiorje lister
til.

21-10-48.

O. Rudvin

2012


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Denne ridskopen er heilt ukjend for meg. Men eg tykkur til at dei somme stader har laga skak-drog etter same prinsippet for å kunne køyre fram små-last. Det ikkje er køyrevog.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? *Nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel ? *Nei, ikkje det eg veit.*

11/10 - 48.

Ola Rudvin
Kerud : Hemsedal

2092